

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1390 - 23/5583

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
20.01.2023

Oversending av klage til endeleg handsaming - gbnr 323/524 Frekhaug

Saka gjeld:

Alver kommune viser til klage på gebyr datert 30.06.2022 om klage på gebyr. Klaga er fremja av ein part i saka jf. fvl.§2 første ledd bokstav e). Klage er vidare fremja innanfor klagefrist jf. fvl.§29.

Klaga er grunngjeve med at søknad er ei sak med 3-vekersfrist som er handsama etter om lag 13,5 veker. Det er vist til at byggesaksgebyret skal falle vekk i sin heilskap, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6.

Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Søknad vart mottatt av kommunen 13.02.2022. Vedtak i sak er datert 15.06.2022. Søknad er vurdert som ei sak med 3 veker sakshandsamingsfrist utan grunnlag for reduksjon av gebyr.

Kommunen si vurdering av bortfall/reduksjon av gebyr jf. SAK10 §7-6

Det går fram av SAK10 §7-6 at ved brot på tidsfrist i SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen betale tilbake tiltakshavar 25% av gebyret for kvar påbyrja veke etter at tidsfrist vart overskriden. Dette inneber at det berre er rom for tilbakebetaling i tilfelle der sakstypen fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første eller fjerde ledd.

SAK10 §7-4 bokstav a)

SAK10 §7-4 bokstav a) viser til søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2. Det er i den konkrete saka ikkje søkt om nokre dispensasjonar, og denne regelen vert dermed ikkje aktuell for berekning av fristar i den konkrete saka.

Pbl.§21-7 første ledd

Pbl.§21-7 første ledd viser til at søknad om løyve skal handsamast innan 12 veker etter at fullstendig søknad ligg føre med mindre anna går fram av pbl.§21-7 andre eller tredje ledd. Det er her pbl.§21-7 andre ledd som er aktuell for saka, ettersom det er

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

søkt om tiltak med ansvarsrett etter §20-3.

Det går fram av andre ledd at kommunen skal avgjøre sak innan 3 veker der tiltak er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av denne lov, der det ikkje ligg føre merknad frå nabo eller gjenbuar, og ytterlegare løyve, samtykke, eller uttale ikkje er naudsynt. Alle desse vilkåra er vurdert oppfylt her. Dette inneber at dette er vurdert som ei sak med 3 vekers sakshandsamingsfrist.

Tiltaket fell dermed ikke inn under pbl. §21-7 første ledd, men er omfatta av unntaket i andre ledd.

Pbl. §21-7 fjerde ledd

Denne regelen viser til søknad om dispensasjon. Det er ikke søkt dispensasjon her, og regelen er ikke aktuell i den konkrete sak.

Konklusjon

Vurdering som er gjort er dermed at tiltak ikke fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a), eller pbl. §21-7 første eller fjerde ledd. Det er dermed vurdert at det ikke er grunnlag for bortfall av gebyr etter SAK10 §7-6

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Eirik Berntsen
Avdelingsleie

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på gebyr - gbnr 323/524 Frekhaug
Faktura byggesak
Fakturagrunnlag - gbnr 323_524 Frekhaug
Løyve til samanslåing av bueiningar - gbnr 323/524 Frekhaug

Kopi til:

Ole Martin Løver SCHRIVERHAUGEN 21A 5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER